



SIGRID MOLDESTAD

HIMLEN HAR SOVE BORT MØRKRET



Liten mann

TEKST & MUSIKK SIGRID MOLDESTAD

Det bur ein liten mann
med ei lita hand i eit lite land
han har augo blå og eit
hjarte som han ber utanpå
Ser på himmmelen
og ei sol som brenn
sitt raude farvel te dagen
Frå ein gråkledd nut
klatrar månen ut

Det bur ein liten mann
med ei lita hand i eit større land
Han har augo på mange ting
han ynskjer men ei kan få
Ser på himmelen der stjerner kjem
og tenner sine ljosande hus
Frå eit blåkledd hav
takkar sola av

Det bur ein liten mann
Med ei lita hand i alle land
Ser på himmelen der
stjerner blinkar ned til han
Lete augo att i den mørke natt
Drøymer om dagar som skal kome
og hanen gjel
om det han ser

Natta brer si mørke dyne på
Månen bur seg på svar og gode råd
Stjerner blinkar ned til alle små
Det bur nye morgongry i dei lyseblå
Stjerneskota legg seg på vent
Full i gode ynskjer som gneistrar og brenn
Og når hanen gjel om alt den ser —
fell stjernestøvet ned

Sigrid Moldestad: *song, hardingfele*
Anders Bitustøyl: *kontrabass, kor*
Sigbjørn Apeland: *hammond, el-orgel, kor*
Anders Hall: *bratsj, hardingfele, kor*
Jørgen Sandvik: *el-gitar, kor*
Hans-Olav Molde: *trommer, kor*

Ser deg tilbake

TEKST & MUSIKK SIGRID MOLDESTAD

Ser deg tilbake, du ynskjer deg heim
til kjolen du hadde på
då sumaren ruska ditt lange hår
Minner frå dengong du oppdaga alt,
lengtar igjen og igjen
Tek deg attende for å finne svar

Huset du sov i har mala seg raudt
Ser deg med framande auger
Livet du hadde har lagt frå si havn
Det er stilt i ditt hjarteland

Men du kan
sjå sjå
Ut på havet
Sjå sjå
Himmelrandi
Høyr høyr
Bølgjene sler
mot steinar som kjenner ditt namn

Ser deg tilbake til orda du gøymde
Då natta var ljøs og varm
Du låg der stå stille i hennar arm

Restar av kysset du fekk ligg igjen
Som ein tone du ber i ditt sinn
Syng deg attende når natt fell på

Ser deg tilbake du drøymer deg heim
Til eit liv som var blankt og reint
Og sommarvind ruska ditt lange hår

Sigrid Moldestad: *song, fele & autoharpe*
Anders Hall: *bratsj & fele*
Sigbjørn Apeland: *trøorgel & piano*
Anders Bitustøyl: *kontrabass*
Jørgen Sandvik: *banjo*
Tore Bruvoll: *gitar*
Hans-Olav Molde: *trommer*
Kevin Henderson: *fele*
Olav Mjelva: *hardingfele*

Strykearr. i samarbeid med
Nordic Fiddlers Bloc.

Ein skal ta seg utfor nokre høge fjell og støte på nokre
løyndomar langs vegen ein går...

Resebakken låg like ved huset eg vaks opp i. For oss
ungane var den ei utfordring: det var her ein lærte seg å sykle
utforbakke. Når ein stod på toppen virka Resebakken som
eit fjell. Verdas høgste fjell. Bakken var ein møtestad midt
mellom gardane og skal vere ein av dei eldste gardane i bygda.

Om sommaren vaks det prestekragar der. Det vi ungene ikkje
visste var at det egentlig var ein stor gravhaug. Då dei opna
den fann dei ein båt fylt med utstyr for siste reis: 3 ovale
spenner i bronse, glassperler, ullkam, vevsverd, to spinnehjul,
sverd, øks, pilspiss, bryne, sigd, steikepanne og seletøybeslag.

Grava var frå 800-talet og i mi verd tilhøyrd den ei dronning..



Dronninga i Resebakken

TEKST&MUSIKK SIGRID MOLDESTAD

Då eg var lita sykla eg til verdas høgste fjell
Der traff eg vener og praten vår
var konfidensiell
Resebakken fekk høyre alt vi tenkte og sa
Vi snakka sant og vi laug, laga songvers og ba

Ein dag kom det folk frå eit museum med skei
Mange petimeter reinska Resebakken rein
Dei vart så glade då dei fann ho i den grav der
ho låg
Det låg ei dronning i bakken i eit skip og sov

Kem var ho? Kor gamal vart ho?
Var håret lyst? eller kanskje var det mørkt
Var det ein ho elska eller kanskje var der to
Var sjela hennar god sidan bakken var så stor

Resebakken blei borte, vi fann nye høge fjell
Løyndomsfulle møter når det mørkna og
vart kveld
Alle skrubbsår fann nye kne å plastre seg te
syklane vart større og livet vart eit spel

Ka´ ville ho sagt denne kvinna som i
Resebakken sov?
kloke tankar edlar seg på tusen stille år
Kanskje låg ho der og lo av alt vi tenkte og sa
Det fins svar på mange gåter i dronningar
si grav

Sigrid Moldestad: *song, fele*

Jørgen Sandvik: *akk. gitar, el-gitar, steelgitar*

Sigbjørn Apeland: *troorgel, hammond, el-orgel*

Anders Bitustøyl: *bass*

Tore Bruvoll: *dobro*

Anders Hall: *bratsj*

Kevin Henderson: *fele*

Thomas Nøklung: *barytonsax*

Olav Mjelva: *hardingfele & oktavfele*

Hans-Olav Molde: *trommer*

Så tag mitt hjerte

TEKST TOVE DITLEVSEN MUSIKK SIGRID MOLDESTAD

Så tag mitt hjerte i dine hender
men ta det varlig og ta det blidt
det røde hjertet nu er det dit

Det slår så rolig det slår så dempet
for det har elsket og det har lidt
nu er det stille nu er det dit

Men det kan såres og det kan segne
og det kan glemme og glemme tidt
men glemmer aldri at det er ditt

Det var så sterkt og så stolt mitt hjerte
det sov og drømte i lyst og leg
nu kan det knuses med kun av dig

Sigrid Moldestad: *song*
Tore Bruvoll: *gitar*
Sigbjørn Apeland: *trøorgel*
Anders Bitustøyl: *kontrabass*
Anders Hall: *hardingfeler*
Jørgen Sandvik: *slidegitar*
Hans-Olav Molde: *trommer*

Hinkje oppa o meir

TEKST TRAD.
MUSIKK SIGRID MOLDESTAD

Hinkje oppa o meir
hinkje inka o meir
hinkje plukka o blomane
på markjene meir.

— Dette skal vere ei gravskrift frå Sunnmøre på halvemål. Skriven til ei lita jente.

Sigrid Moldestad: *song, hardingfele*
Anders Bitustøyl: *el-bass*
Anders Hall: *bratsj/hardingfele*
Jørgen Sandvik: *guzheng*
Hans-Olav Molde: *trommer*
Sigbjørn Apeland: *rhodes*
Morten Skage: *tamburin*

Søndagsblå

MUSIKK SIGRID MOLDESTAD

Søndagar. Idyll og uro.

Sigrid Moldestad: *hardingfele*
Sigbjørn Apeland: *trøorgel*
Anders Bitustøyl: *kontrabass*
Anders Hall: *hardingfele & bratsj*
Jørgen Sandvik: *gitar*
Hans-Olav Molde: *trommer*

Då eg gjekk og rusla

TEKSTROBERT BURNS (1759-1796)

OVERSETJINGJOHANNES GJERDÅKERMELTRAD.

Då eg gjekk og rusla ein midtsumars aftan
dreiv ungdom med songar og leik over bø;
då såg eg iblant dei min trulause kjærast,
og såra i hjarta på ny byrja blø.

Vel, som han gjekk frå meg, må lukka gå med han
kor trasig det er, skal eg halda meg bein;
eg trøystar meg sjølv, at eg kan få ein annan,
og let ikkje hjarta mitt bresta for ein.

Eg fekk ikkje sova, eg gret heile natta,
og tårene sprengde som haglskura strid,
men slik var det gråten som berga mitt hjarta,
for svik i kjærleik er pine som svid.

Om enn han gjekk frå meg av hug etter pengar,
så unner eg honom alt sylvet han vann;
og heller eg her all den sorg eg har bore
enn nokon gong vera så tralaus som han.

Sigrid Moldestad: *song*
Sigbjørn Apeland: *trøorgel*
Anders Bitustøyl: *kontrabass*
Tore Bruvoll: *gitar*
Anders Hall: *bratsj*
Jørgen Sandvik: *el-gitar*
Hans-Olav Molde: *trommer*

Englesong

TEKST&MUSIKKSIGRID MOLDESTAD

Trur du på englane,
fins dei? – dalar dei ned?
Søv dei i skyseng eller blomeeng
– er det meg dei følgjer med?

Bryr dei seg om alt som vi har kring oss her?
Kjem dei støtt til dei som treng det?
Gjev dei håp til dei som lyset aldri ser,
og hjelper det med kvite venger?

Dei dagane du treng å gråte
Dei dagane du e gåte
Dei dagane du ve bli sett
Og dei dagane du e litt redd.

Eg trur at englar gjev kraft til
ein trengande sjuk
eg trur at englar syng songane stille mjukt
dei rører ved deg og legg att ei lita fjør
som du kan gøyme under pute
dei kjem forkledd som oss og e her til vi dør
dei ser deg gjennom dør og rute.

Sigrid Moldestad: *song, fele*
Sigbjørn Apeland: *trøorgel*
Anders Bitustøyl: *kontrabass*
Anders Hall: *bratsj, fele*
Tore Bruvoll: *gitar, dobro*
Jørgen Sandvik: *gitar*
Are Ovesen: *trompet*
Thomas Nøkling: *tenorsax*
Morten Skage: *klarinett, autoharpe*

Zakris

TRAD. ETTER ZAKARIAS DØSEN

Gamal vals etter klarinettspelaren *Zakarias*
“*Zakris*” *Døsen* (1841-1928).

Han var litt av fyr. Sterk kar som ifølgje historier skal ha sloss med ein bjørn med berre nevane. Ein gong kom han ut for ein storm ved fjorden. Då skal han ha stått på land og haldt båtane fast med hendene –heile natta. Litt av ein kar...

Døsen ligg like ved havneområdet på Sandane og det var mykje jektefart her tidlegare.

— Vi gav valsen eit gyngande preg med smak av andre horisontar, storm, skummande hav og knirkande jekter...

Sigrid Moldestad: *fele*
Jørgen Sandvik: *guzheng & sitar*
Anders Bitustøyl: *kontrabass*
Sigbjørn Apeland: *husorgel*
Hans-Olav Molde: *trommer*
Anders Hall: *bratsj, fele*



Herrelause sko

TEKST&MUSIKK SIGRID MOLDESTAD

Det står herrelause sko,
det ligg ei skjorte uten mann
Det ligg eit brillepar og
ventar på ein fyr som brått forsvann
Det fins stemmer i ein song
som aldri stemmer opp igjen
Det kjem ein dag i kalenderen,
du mista brått ein ven.

Eg les firkanta farvel
frå dotter, mor og far
les om han som sovna stille
Og ho som var så glad
Ord som brått riven bort
Gjev historiene eit liv
Vi skal alle ut og reise
Vi har alle fått vår tid.

Eg er den som aldri vil at
gode festar skal ta slutt
Eg går og ankar på vener
som kan køyre altfor fort
Eg vil vekke deg i natt sjølv
om eg ser at du søv
Orkar ikkje tenke tanken,
at du skal fare før...

Folk som fer — fer så fort når dei fer.

Eg går innom kyrkjegardar
når eg reiser rundtomking
dyrkar eiga tristesse,
ingen ser mitt våte kinn
tanken streifar som eg går der,
vi skal bli for blomen jord
på ei sløyfe som falmar står dei vakraste ord.

Det står herrelause sko,
det manglar stemmer i ein song
Dei som eigde dei gjekk
gjennom ei dør for siste gong
Vi har fått våre tider,
haldeplassar ber vårt namn
Vi skal alle ut på reisa, håpar alle finne fram.

Folk som fer — fer så fort når dei fer.

Sigrid Moldestad: *song*
Jørgen Sandvik: *gitar; barytongitar; steelgitar*
Sigbjørn Apeland: *B3, piano, rhodes*
Anders Hall: *bratsj*
Hans-Olav Molde: *trommer*
Anders Bitustoyl: *bass*





Himlen har sove bort mørkret

TEKST&MUSIKK SIGRID MOLDESTAD

Himlen har sove bort mørkret
Stjerner har lagt seg til ro
Lys ifrå havlandet seglar inn
Fuglane vaknar no.

Blålige skin heng igjen her
Nattlige tankar og sut
luntar seg bort mot eit skogholt
Trøytt strekkjer dagen seg ut.

Fjella står med snøkvite elv,
kvar morgon kvar kveld
på himmelen – kjem fuglar frå sør,
dei har vore her før
og vinden kitlar mitt kinn
eg opnar opp vindauga i mitt sinn
og slepp morgonsola inn – slepp ho inn.

Alle små vesen har vakna
Ein draum er blitt fanga spinn
Doggdråpar nedover bladet fell
Så mauren vert vaska og fin.

Himlen har sove bort mørkret
Stjerner har lagt seg til ro
Lys i frå havlandet siglar inn
Dagane bjønde no.

Sigrid Moldestad: *song, fele*

Jørgen Sandvik: *akk. gitar, el-gitar, kor*

Anders Bitustøyl: *kontrabass, kor*

Anders Hall: *bratsj, hardingfele, kor*

Sigbjørn Apeland: *trøorgel, rhodes, kor*

HALVEMÅLET, eller òg kalla ”kråkemålet”, har sitt internasjonale ry frå *cockney-dialekten* i London.

Men det er slett ikkje ukjent i vårt land heller, og då særleg frå nordvestlandsk kystmål. Her mista dei h-ane i førstninga av ord, og stundom sat ein til *h* i andre ord som begynte på vokal, særleg når dei skal ha framheva trykk i setninga *esten as ans sto i sja as alvar å åt øy* (’hesten hans Hans stod i hesja hans Halvard og åt høyr’).

Slike *hermer* er helst uttrykk for kor oppmerksame folk har vore på fenomenet. Halvemålet fekk etterkvart eit negativt ry, og folk som brukte det vart gjort narr av. Difor er det heller ikkje mykje å finne att av dette draget i dialektane i dag.

Det sto særleg sterkt på Sunnmøre og i Nordfjord, då særleg i Breim.

Are Ovesen (*trompet*) spelar utdrag frå ein *kulokk* frå Gloppen lært etter Elin Grytting.



Esten ass Ans

TEKSTTRAD *MUSIKK*SIGRID MOLDESTAD + *UTDRAG AV TRAD. KULOKK*

Esten ass Ans oppa øgde
inne på Høylo, inne på Høylo
Håt øy, esten ass Ans håt øy
Håt øy, esten ass Ans håt øy
so det var akka alm.

Oversett:

Hesten hass Hans hoppa høgde
Inne på Høylo, inne på Høylo
Åt høy, hesten hass Hans åt høy
Åt høy, hesten hass Hans åt høy
So det var hakka halm.

Sigrid Moldestad: *song*
Jørgen Sandvik: *banjo*
Sigbjørn Apeland: *wurlitzer*
Anders Bitustøyl: *kontrabass*
Anders Hall: *bratsj, fele*
Olav Mjelva: *fele*
Hans-Olav Molde: *trommer*
Tore Bruvoll: *dobro*
Are Ovesen: *trompet*
Morten Skage: *diverse*
Alle: *kor & øs..*

Vakneviser

TEKST & MUSIKK SIGRID MOLDESTAD

Vakne vakne no
Du som søv
under lauvfylt dyne
under snø

Vandre vandre fram
Elv i skog
Stilla siglar fram
Vandre no

Danse danse ut
Blåtime-vals
Tonen dirrar her
Dans, strekk hals

Synge synge no
Du som kan
Mylder frå ein skog
Syng det fram

Sigríð Moldestad: *song & autoharpe*
Sigbjørn Apeland: *troorgel*
Kevin Henderson: *fele*
Olav Mjelva: *hardingfele*
Anders Hall: *bratsj*
Morten Skage: *barytongitar & bass*

Strykearr. laga i samarbeid med
Nordic Fiddlers Bloc.

Takk til

Helge Westbye & Grappa Musikkforlag for ubegrensa
tillit og postivt samarbeid!

Takk til *Helge Terje* og *Olaug* på Bergsdalstunet for
vidunderlig mat & losji under innspeling, og
Vaksdal Kommune for lån av skulen.

Øvrig takk til Solid Musikk v/ Lene Furuli,
Therese Asker, Per Svein Reed, Marit Salomonsen,
Stina Bitustøyl, Ragnhild Kambo Grov, Magnus Skrede,
Reidun Mardal, Leiv Reed og familie, vener og gode
naboar som er der alle slags dagar.

Til slutt, men ikkje minst: Takk til *publikum*
som kjem på konsertar, kjøper musikken og gjev uante
mengder livskraft og inspirasjon i ein musikanter sitt liv..

Fred & kjærleik
Sigrid

Foto: Magnus Skrede

Cover: Leiv Reed

Hår & Make-up: Reidun Mardal,
Ramm Frisør

www.grappa.no

www.sigridmoldestad.com

www.solidmusikk.com

About the songs

Liten mann

(*S.Moldestad*)

— Made after conversations with Bertine (6) and Teodor (8)...

Ser deg tilbake

(*S. Moldestad*)

— Things will never be as they used to. They never have.

Dronninga i Resebakken

(*S.Moldestad*)

— A song to the viking woman who lay buried in a ship next to the house where I grew up.

Så tag mitt hjerte

(*Tove Ditlevsen/S. Moldestad*)

— A wonderful poem by the danish *Tove Ditlevsen*, (1917-1976) .

Hinkje oppa o meir

(*trad./S.Moldestad*)

— Words written on an old gravestone in Sunnmøre to a little girl.

Søndagsblå

(*S.Moldestad*)

— Blue Sundays...

Då eg gjekk og rusla

(*Robert Burns/trad.arr*)

— I have worked a lot with some of *Robert Burns'* poems in Norwegian translations by the wonderful *Johannes Gjerdåker*. This is a hearbreaking story, "*As I was wandering*".

Thanks to *Emily Smith* who introduced me to this lovely melody from *Burns Poems and Songs*, Edited by *James Kinsley*. (*Oxford University Press, 1971*).

Englesong

(*S.Moldestad*)

— Angels...

Zakris

(*trad.etter Zakarias Døsen/arr.*)

— A traditional waltz from my home town. *Zakarias Døsen* (1841-1928) played the clarinet. He was a strong man, and stories say he even killed a bear with his own hands.. He grew up next to the fjord where boats and seamen from all over the world came through. That inspired us to to sail the waltz around..

Herrelause sko

(*S. Moldestad*)

— I started to write this song when a friend of mine lost her husband, and I finished it when a great norwegian female singer passed away...

Esten ass Ans

(*trad./S.Moldestad*)

— A song about a horse jumping in the neighbours fields..
I sing it in a dialect from home that existed earlier. They took away the sound of the 'H' in words that started with it, and added the 'H' in others. Not so different from cockney-english. The tune is made for late nights. Get your clogs!

Himlen har sove bort mørkret

(*S.Moldestad*)

— I grew up surrounded by many majestic mountains. No matter what happens in my life I find strenght in the fact that they remain the same.

My songs have reached their colours through a strong teamwork between me, my musicians and producer. Thank you all — you`re the best!

www.sigridmoldestad.com

www.facebook.com/sigridmoldestad

Booking: *www.solidmusikk.com*

Sigrid Moldestad & Band:

Sigrid Moldestad: *vocals, hardangerfiddle, fiddle and autoharp.*

Jørgen Sandvik: *guitars, banjo, guzheng, sitar,*

Anders Hall: *viola, fiddle, hardangerfiddle*

Sigbjørn Apeland: *harmonium, piano, wurlitzer, rhodes*

Hans-Olav Molde: *drums*

Anders Bitustøyl: *double bass, el-bass*

Grappa Musikkforlag AS

Akersgaten 7

0158 Oslo

www.grappa.no | info@grappa.no

HCD7267

Guests:

Tore Bruvoll: *guitars, dobro*

Are Ovesen: *trumpet*

Thomas Nøkling: *barytonsaxophone*

Morten Skage: *clarinet, barytonguitar, bass, perc. and autoharp*

Special guests:

Nordic Fiddlers Bloc

(Kevin Henderson, Anders Hall & Olav Mjelva)

